

REGLAR



RAPPORTERING

Laks og sjøaure; All fangst skal rapporterast til ÅJFF. Rapport skal utførast same dag som den er fanga. Sjå fiskekort

Det skal rapporterast kvar fisken er fanga.

Det skal leverast skjellprøve på all avliva fisk tatt i elv og Årdalsvatnet. Skjellprøvar leveres i eigen pose og legges i utplassert postkasse ved Hæreidselva og på Utladalen camping.

Det skal registrerast antall lakselus på all fisk.

All fisk skal inn på "Fiskebørsen" sjå www.ajff.no

Resultat leveres Magne og Svein Jarle, sjå tlf nr på framside

Fisk som vert slept ut att skal også rapporterast.

RULLERANDE FISKE

Det vert praktisert rullerande fiske i elvane. Vis omsyn til andre og praktiser dette. Start bak om det er fiskar på andre sida. Maks ein time på sona.

Det er forbod mot å fiske motstraums når ein fiskar fra bru.

STØRST FISK

Det er årleg konkuranse om største fjellauren .

Godkjent vekt og bilde av fiskar med fisken skal føreligge for deltagelse i konkuransen.

MINSTEMÅL

Det er ikkje tillatt å ta fisk i lakseførande vassdrag som er mindre enn 40 cm.

DØGNKVOTE PÅ LAKS OG SJØAURE

Det er kun lov å avlive to fiskar pr døg pr fiskar. Det gjeld samla fangst uavhengig om det er laks eller sjøaure. Det er også satt ei grense på 6 fiskar som totalfangst for sesongen pr fiskar.

All anna fisk, som oppdrettsfisk eller pukkellaks, skal avlivast

ALL HOFISK ER FREDA ETTER 15 AUGUST

REGLAR



FISKEREIDSKAP

I fjellvatna (-generelt) kan ein nytte oter og stong.

Den som leiger hytte kan fiske med inntil 4 garn pr hytte. Garnfiske er for det vatnet der hytta ligg. På eigendomen Vee er det kun tillatt med 2 garn pr hytte.

I Tyavassdraget (Moadalen) - er berre stong tillate.

LAKS OG SJØAURE

Fiske frå land er berre tillate med ei stong eller eitt handsnøre per person. Det er tillate med inntil to agn per stang eller handsnøre.

Fiske frå båt er tillate med inntil to reiskapar (stong eller handsnøre) per båt. Det er berre tillate med eitt agn per stang eller handsnøre.

Som agn er det tillate å bruke makk, sluk, spinnar, wobblar og fluge.

Avstanden mellom krokstammen og krokspissen skal ikkje vera større enn 13 mm, og for enkeltkrokar ikkje større enn 15 mm

DESSINFISERING AV UTSTYR

Alle må desinfisere fiskereidskap og vadeutstyr samt ha dokumentasjon på at dette er utført, før ein kan fiske i vasstragget. Alle som fiskar må ha stempel for utført desinfisering på korte sitt. Desinfisering utføres hjå Utladalen Camping og ved Kleiven sitt bygg i Hæreidselva.


OPPSYN

ÅJFF har eigne oppsyn, i tillegg leiger vi inn oppsyn med begrensa politimyndighet. Alle pliktar å syne kort fangst og reidskap til oppsynet. Oppsynet har eige oppsynskort som skal førevisast

**NB BROTT PÅ REGLANE KAN FØRE TIL BORTVISNING
FRÅ ELVA I KORTARE ELLER LENGERE PERIODE**

FISKE ETTER LAKS OG SJØAURE I ÅRDAL

INFORMASJON OG REGLAR
2018



**HUGS DESINFISERING AV UTSTYR
DET ER KUN TILLATT Å TA OPP 2 FISK PR DØGN
OG TOTALT
6 FOR SESONGEN PR FISKAR
ALL HOFISK FREDA ETTER 15 AUGUST**

Leiar fiskeutval:

Svein Jarle Moen, sveinmoen@live.no Tlf 95204335

Styrem:

Magne Nytn, magn-ny@online.no Tlf 90993465

Leiar: ÅJFF

Vidar Moen. leiar@ajff.no

Tlf 91388642

INFORMASJON



INFORMASJON



INFORMASJON



KVEN KAN KJØPE FISKEKORT?

For fjellfiske kan alle kjøpe sesongkort eller dagskort.

For laks og sjøaure er sesongkort i utgangspunktet forbeholdt medlemmar med bustadadresse i Årdal. Det er lagt ut 25 sesongkort for medlemer med bustadadresse utanfor Årdal.

Junior t.o.m. fylte 18 år fiskar gratis i alle elvar og vatn som ÅJFF disponerer forutsett at dei er medlem i ÅJFF.

Pensjonist over 67 år og uførretrygda betalar 50% av kortpris.

Alle over 18 år må ha betalt fisketrygdavgift,

KVAR FÅR DU KJØPT FISKEKORT ?

Kort på nett. www.inatur.no

Øvre Årdal: Sportshuset

Utladalen camping

Årdalstangen: Tangen Sport

**Sesong i elvar og
Årdalsvatnet**
1. Juli – 31 august
Sesong Torolmen
15 juni – 15 august

PRISAR	Gjeldande for	Pris medlem adr Årdal	Medl adr utanfor Årdal	Ikkje medlem
Kategori				
Sesongkort	Utla inkl Hæreidselva, samt alle fjellvatn	600/300	900 *	
Sessongkort	Alle fjellvatn inkl Torolmen	300/150	300/150	1000/500
Sesongkort	Årdalsvatnet	150/75	150/75	150/75
Vekekort	Årdalsvatnet	100	100	100
Vekekort	Alle fjellvatn inkl Torolmen			200
Døgnkort	Utla/Årdøla	150	150	300
Døgnkort	Hæreidselva	150	150	300
Døgnkort	Alle fjellvatn inkl Torolmen	50	50	50
* Sesongkort for medlemer med adresse utanfor Årdal, 25 kort lagt ut på Inatur.				
Som ein ser av dei historiske fangstdata har utviklingen gått i feil retning, spesielt dramatisk er det for sjøauren. Vi oppmodar derfor alle om å sette ut igjen fisk i større grad en tidligare. Det er viktig at vi aukar talet på gytefisk (sjøaure) i vassdraget. Vi startar med fysiske tiltak i vassdraget men det vil fyrst syne resultat om nokre år. Fiskarar som bidreg med gjenutsetting skapar resultat raskt.				

